

§ 9: FORMÅL

Skulefritidsordninga skal gje elevane i 1. - 4. kl. eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Ein skal leggja vekt på omsorg, leik, kulturaktivitetar og sosial læring der barna m.a. får ta ansvar for kvarandre og for felles oppgåver. SFO skal stimulera barna til å bruka og utvikla evner og anlegg og i samarbeid med heim og skule gje dei eit godt grunnlag til å bli sjølvstendige, tolerante og skapande menneske

§ 10: LOVVERK

Skulefritidsordninga skal til ei kvar tid drivast i samsvar med retningslinjer gjevne av departementet, kommunale vedtekter og målsetjinga for tiltaket. Til grunn for arbeidet skal det og kvart år lagast ein årsplan for SFO ved den einskilde skulen.

§ 11: FORVALTNING

Kommunen har forvaltningsansvar, og utøver tilsynsplika i SFO ved rådmannen. I samband med den årlege budsjettførevinga utarbeider skulen budsjett for SFO. Dersom elevgrunnlaget medfører underskot, må søknad om eventuelt kommunalt tilskot avklarast før oppstart/skulestart.

Vedtak i Kommunestyret - 13.03.2008,(justert 11.06.09 (§§ 5 og 7))

Vedtekter for SFO vert vedteken slik dei ligg føre i revidert framlegg.

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 1.8.08

Ved oppstart eller avvikling av tilbod skal ein også vurderer kor mange som til ei kvar tid nyttar seg av tilbodet.

§5 i vedtektene endra pr.01.08.2013 etter vedtak i kommunestyre

13.desember 2012 om budsjett 2013: Opphør av ordninga med friplass i SFO for elevar med omfattande funksjonshemmingar.

§7 i vedtektene endra pr.2016 etter vedtak i kommunestyre

... 2016 : på fylgjande barneskular vert det gjeve heilårstilbod med atterhald om minst 10 påmelde innan 1.5.: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund og Seim.



Lindås kommune

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNING I LINDÅS

§ 1: EIGARTILHØVE

Skulefritidsordninga (SFO) er eigd og vert driven av Lindås kommune. Skulefritidsordninga kan kjøpe tenester hjå andre, inkl. lag og organisasjonar. Lindås kommune har ikkje arbeidsgjevaransvar for personalet til dei ein kjøper tenester av.

SFO kan opprettast når der er min. 10 barn tilmeldte. Når barnetalet er under 8, skal tilbodet avviklast.

§ 2: OPPTAKSMYNDE

Rektor tek avgjerd om inntak i SFO etter vedtekne kriterium. Klage på opptak skal sendast til rådmannen via rektor.

§ 3: OPPTAKSKRITERIUM

Skulefritidsordninga er eit tilbod for elevar i 1. - 4. klasse, og for barn med særlege behov i 1.-7. kl Alle som melder seg på innan søknadsfristen 1. mai, skal ha plass i SFO.

Søknader som kjem etter søknadsfristen kan setjast på venteliste. Barn som flyttar internt i kommunen, og som har plass på SFO, skal tilbydast plass i SFO ved den skulen dei flyttar til.

§ 4 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIING

Søknader og oppseiing av plass i SFO skal vera skriftleg og sendast til heimeskulen.. Tildelt plass vert automatisk avslutta ved utgang av 4. trinn. Søknadsfrist for plass ved skulestart om hausten er 1. mai. Barn oppteke i SFO er tilmeldte inntil dei sluttar etter 4. trinn eller inntil skriftleg oppseiing ligg føre. Oppseiingsfrist til påfølgjande skuleår er 1. mai. Oppseiingsfrist elles er 1 måned rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiing er motteken.

§ 5: FORELDREBETALING

Foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret. Innbetalinga skal skje innan den 20. i kvar måned. Det vert fakturert for heile månader. Ved prisauke vert det gitt 1 månads førehandsvarsel. Den enkelte skule fastset ei foreldrebetaling for måltid som dekkjer dei faktiske utgiftene. Foreldra betaler også for ekstratilbod barna deltek i.

Manglande betaling og for sein henting kan føra til tap av plass.

Kommunen fastset betalingssatsar for kvar år etter fylgjande opphaldstider

- inntil 10 timar
- 10 – inntil 15 timar
- 15 timar og meir

Om morgonen vert tida rekna frå kl. 730 uavhengig av fram møtetid.

Ettermiddag vert rekna til 1530, 1600, 1630.

Onsdagar

For elevar som berre er i SFO i "skuletida" vert dette rekna som opphaldstid. (døme: 09-13/1430)

§ 6: LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Kvar skule har eigen base for skulefritidsordninga. Skulefritidsordninga skal ha tilgang skulen sitt uteareal og spesialrom som musikkrom, gymsal, formingsrom og kjøkken. Nødvendig utstyr for matserving må finnast. (Kjøleskap/frys, komfyr, oppvaskmaskin, vask, glas, koppar, fat, bestikk o.s.v.)

§ 7: OPPHALDSTID

SFO fylgjer skuleruta (190 dagar) i året og har dagleg ope frå 730 til skulestart og frå skuleslutt til 1630. På fylgjande barneskular vert det gjeve heilårstilbod med atterhald om minst 10 påmelde innan 1.5.: Lindås, Leiknes, Knarvik/Alversund **og Seim**. På heilårstilbod vil SFO vera stengd på skulen sine 5 planleggingsdagar, jule- og nyttårsaftan og onsdag før påske frå kl.12

Ved utrekning av opphaldstid som grunnlag for betaling, skal ein runda av oppover til næraste halve time.

§ 8: BEMANNING OG LEIING

Rektor på den einskilde skule er leiar for SFO. Det skal vera tilsett ein assistent pr 15 barn. Dersom det er funksjonshemma elevar kan det tilsetjast fleire. Når det er tilmeldt 31 barn eller meir, skal det opprettast leiarstilling.

Politiattest

Ved tilsetjing i SFO skal det leggjast fram politiattest, jfr oppl.lova § 10-9.

Teieplikt

Personalet i SFO og medlemmer i styringsorgan har teieplikt om personleg tilhøve for borna som dei får kjennskap til gjennom arbeidet. (Forv.lova § 13 og Personoppl.lova § 12)